



Kveldsstemming rundt Sjøhuset

Uskedalen har fleire hus med særpreg og eitt av dei er det store sjøhuset mellom Neset og Flatholm. Det er ikkje minst eit minne om notfisket, men det er nok ikkje så mange i dag som veit at det er flytta frå Ljosnes og sett opp att. Det var truleg Gjert Kjerland som gjorde det før 1900.

Han var oldefaren til Dag Hermansen som saman med andre i familien har teke godt vare på dette landemerket. I dag finn ein truleg ikkje maken på våre kantar.

- Men det røyna på då det bles orkan rundt midten av 1990-talet, seier Dag.

- Då vart sjøhuset liggjande i 30 graders vinkel og vi trudde ikkje vi skulle få retta det opp att. Men det gjekk ved hjelp av kjetting og taljar samt lokal muskelkraft og sidan har vi etter beste evne freista å halda huset ved like.

Sjøhuset er i to høgder og på loftet har det vore notlager. Barkekar for impregnering av nøtene er ein annan detalj. Ei vinde av same type som på Bryggen i Bergen har frista leikande ungar.

No vert Sjøhuset nytta som båtnaust.

Det er også fleire unike hus i området, til dømes eitt som er frå 1820 og som truleg er det fyrste reist i 2 høgder i Uskedalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Sjøhuset ein fin sommardag

